# Masfjorden kommune
Teknisk, miljø og landbruk

Arne Andreas Riisnes
Risnes
5986 HOSTELAND

| Referanser: | Sakshandsamar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar: | Ottar Myrtveit | 20.04.2023 |
| Vår: 23/128 - 23/3509 | ottar.myrtveit@masfjorden.kommune.no | |

## Hjortejakt - informasjon før jakta 2023

Hjortejakta startar ikkje heilt enno, men før me tek opp tildelinga for 2023 i TU (Teknisk Utval) **23.05.23**, kan det vera greitt å få ei attendemelding frå valdansvarlege om korleis ein er nøgd med tildelinga. Alle valdansvarlege får likelydande brev. Tildelinga i år kjem etter møtet i TU.

1. Ynskjer ein fleire dyr, ferre dyr, eller uendra tildeling ut frå 2022? Om ein ikkje svarar tildeler kommunen/TU slik me finn rettast. Sjå vedlegg for historikk.
2. Er fordelinga grei med **10% pinnebukk 10% bukk, 20% fjordkolle, 30% kolle og 30% kalv**? *(Avskytinga i 2022 vart: 13% « 13& « 18% « 25% kolle 31% kalv)*
3. Bør kommunen fortsetja med ordninga fri kalv? Vil du ha fri kalv i ditt vald? Sjå vedl.2
4. Er det greitt å fortsetja ordninga med skrapdyr på 18 kg kalv?
5. Kan det vera aktuelt med samanslåing med nabovald og automatisk auka tildeling om ynskjeleg?
6. Forslag til endring av tildeling eller andre punkt ?

Svarfrist på desse spørsmåla er: ***10.05.2023.*** ***Send til: ottar.myrtveit@masfjorden.kommune.no***

*TU - vedtak: Sak 22/74 Avskytningsprofil for hjortejakt 2022: - Fjorkolle og kolle vert sett tilsaman på 50 %, dvs 20 og 30 %. - Kalv på samme nivå som kolle, dvs 30 % - 10 % på spissbukk - 10 % på bukk.*

*Kalv under 18 kg vert rekna som skrapdyr. Vald med over 10 løyver får eit dyr ekstra, og vald over 20 dyr får 2 dyr ekstra om fellingsprosenten er over 80 %. Vald med under 50% felling dei 3 siste år får 1 dyr redusert. Vald med over 90% felling dei 3 siste åra får 1 dyr ekstra*

Som ein ser har ein i Masfjorden skote kalv som planlagt, men kan skyta litt meir produksjonsdyr og ferre bukkar/pinnebukkar.

Det som er målet i kommunen er å redusera stammen noko, og da må ein skyta hodyr på nivå med plan. Samstundes vil me ha høgare slaktevekter dvs. dyr med betre kondisjon. «Oppskrifta» er da å ta ut skrapdyr, spara dei største bukkane, samt dei største (eldste) kollene som også har dei største kalvane. Kalvevekta føl alder på kolla.

Me ser at valda er veldig flinke med rapportering i hjorteviltregisteret som er eit svært nyttig verktøy i forvaltninga. Det er veldig viktig at ein fortset med «sett og skutt» rapportering i hjortevilregisteret. Alle dagar ein er på jakt er greiast å leggja inn etter kvart uansett utfall . Rutinane på dette har vorte betre og betre.
Tidlegare vårteljingar var nyttig når me ikkje hadde alle desse opplysningane, men no er målet å redusera stammen for å redusera skader på innmark og skog. I april og litt inn i mai trekkjer ein stor part av hjorten mot innmarka og det kan opplevast som at no er her veldig mykje dyr, men rundt 5-15 mai har vårtrekket starta, og litt over halvparten trekkjer innover i fjordane og i høgden pga beiteforholda.

Skulle ein likevel vera plaga med hjort etter at trekket har starta, har kommunen laga søknadsskjema for skadedyr på heimesida under: skjema- skjema teknisk, miljø og landbruk. Ta kontakt med kommunen for synfaring. Her skal vera pårekneleg skade ma. for å oppfylla kreteriane for evt skaldefelling, jfr. hjorteviltforskrifta og viltova.

Til hausten (ca 1. august) vert det sendt ut skriv til valdansvarlege og kunngjering på heimeside mm. om **jegerprøvekurs/eksamen** med påmelding. Kjenner ein nokon, så orienter da om tilbodet.

Med helsing

Ottar Myrtveit
landbruksrettleiar
*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur*

**Vedlegg:**
Hjort_TildelteOgFelte2018-2022
Kvotefri jakt på hjortekalv 2023 - dispensasjon frå hjorteviltforsk (L)(246668)
Hjort_TildelteOgFelte-Masfjord-BPO-prosentfordeling
Hjort_Bestandsutvikling2015-2022

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Arne Andreas Riisnes | Risnes | 5986 | HOSTELAND |
| Arne Inge Hope | Solheimslia 139 | 5983 | HAUGSVÆR |
| Arne Ottar Engesæter | Håkonshellaveien 79 Mathopen | 5174 | MATHOPEN |
| Arnold Andvik | Andvikvegen 633 | 5981 | MASFJORDNES |
| Arnold Matre | Matre 35 | 5984 | MATREDAL |
| Dag Bjørnar Holmaas | Sleirsvegen 11 | 5986 | HOSTELAND |
| Egil Lahti | Austfjordvegen 2265 | 5981 | MASFJORDNES |
| Frode Langhelle | Matre 44 | 5984 | MATREDAL |
| Frode Langhelle | Matre 44 | 5984 | MATREDAL |
| frode lasse vågseth | solheimslia 236 | 5983 | HAUGSVÆR |
| Geir Vatnøy | Alvermarka 29 | 5911 | ALVERSUND |
| Hans Magne Haukeland | Haukeland | 5984 | MATREDAL |
| Harald Mjanger | Mjanger | 5981 | MASFJORDNES |
| Helge Birkeland | Masfjordvegen 105 | 5986 | HOSTELAND |
| Hroar Matre | Yndesdalsvegen 36 | 5986 | HOSTELAND |
| Inge Sandnes | Sleirvegen 624 | 5986 | HOSTELAND |
| Ingvar Vik | Fleslandsvika 22 Blomsterdalen | 5258 | BLOMSTERDALEN |
| Ivar Helge Matre | Matre | 5984 | MATREDAL |
| Jan Olav Fosse | Stordalsvegen 739 | 5984 | MATREDAL |
| Jan-Henrik Haugsøen | Øvre stadionv 3 | 5161 | LAKSEVÅG |
| Jon Egil Einestrand | Austfjordvegen | 5981 | MASFJORDNES |
| Jon Steinar Haugsvær | Haugsvær 37 | 5983 | HAUGSVÆR |
| Kim Daniel Haugsvær | Orresteinen 24F | 5916 ISDALSTØ | Ukjent |
| Kjell-Åge Ynnesdal | Masfjordvegen 860 | 5986 | HOSTELAND |
| Kjetil Fjellby | Skolten 12 | 5981 | MASFJORDNES |
| Knut Audun Areklett | Areklett | 5986 | HOSTELAND |
| Kristian Skjelanger Kvinge | Austfjordvegen 1076 | 5981 | MASFJORDNES |
| Kåre Trodal | Birkeland 99 | 5986 | HOSTELAND |
| Lars Helge Haugsdal | Masfjordnes | 5981 | MASFJORDNES |
| Monika Gullaksen | Nesjane 51 | 5986 | HOSTELAND |
| morten Børnes | Fensfjordvegen 933 | 5986 | HOSTELAND |
| Norodd Trodal | Trodal | 5984 | MATREDAL |
| Ole Tverberg | Kleivdalsvegen 40B | 5915 | HJELMÅS |
| Ove Nordland | Masfjordnes | 5981 | MASFJORDNES |
| Per Eilif Åsvang | Bjørnestrand 23 | 5111 | BREISTEIN |
| Per Magne Hope | Masfjordenes | 5981 | MASFJORDNES |
| Per Ove Kvingedal | Kvingedal | 5981 | MASFJORDNES |
| Raymond Haugsdal | Goltavegen 245 | 5381 | GLESVÆR |
| Roger Halland | Molland 174 | 5986 | HOSTELAND |

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Ståle Daae | Indre Haugsdal 770 | 5984 | MATREDAL |
| Svein Elvik | Austfjordvegen 2161 | 5981 | MASFJORDNES |
| Svein Håkon Rongevær | Knarvikgarden 22 | 5955 | LINDÅS |
| Svein Veland | Nørlandsvegen 108 | 5981 | MASFJORDNES |
| Sveinung Sleire | Kvamsdal | 5986 | HOSTELAND |
| Thor-Ole Vågene | Sleirsvegen 527 | 5986 | HOSTELAND |
| Tom Rune Daae | Sleirsvegen 375 | 5986 | HOSTELAND |
| Torbjørn Wergeland | Hosteland | 5986 | HOSTELAND |
| torsvik kjell | andvikvegen 262 | 5981 | MASFJORDNES |
| Willy Borge | Areklettvegen 181 | 5986 | HOSTELAND |
| Ørjan Mongstad Myhr | Bjørnestrand 17 Breistein | 5111 | BREISTEIN |
| Øyvind  Lilletvedt | Sandnes | 5981 | MASFJORDNES |
| Øyvind Furebotn | Furebotn | 5983 | HAUGSVÆR |